


Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	26.08.2022
Vår referanse	2022/16296-5
Dykkar referanse	22/577 - 22/57961
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - Utvida bruk av avkøyrsl- fv. 564 - gnr. 305 bnr. 7 - Fløksand - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad datert 25.07.2022. Søknaden gjeld endra / utvida bruk av avkøyrsl til eigedom gnr 305 bnr 7 i samband med søknad om deling av jordbruksareal.

Alver kommune opplyser om at det i praksis ikkje vert endra bruk då arealet skal seljast til ein annan eigar som skal halde fram med landbruksdrift på eigedomen. Det er Alver kommune som skal fatte vedtak i saka, men det er bede om uttale frå oss. Den aktuelle avkøyrsla det vert søkt om er nyleg regulert i reguleringsplan for FV. 564 Fløksand – Vikebø, som vart vedteken den 16.06.2022. Det er traséalternativ A2 som vart vedteken.



Utsnitt frå A2 alternativet av reguleringsplanen Fløksand – Vikebø.

Slik vi ser det vil ikkje frådelinga og endra eller utvida bruk av avkøyrsla medføre endring av bruk av fylkesvegen og vi har ikkje merknad til frådeling og løyve til bruk av avkøyrsla. Men vi vil minne om at det er viktig at siktsona vert oppretthalda i avkøyrsla her.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift